

Manger Ungdomslag

5936 Manger

Manger, 25.05.18

Radøy Kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

postmottak@radoy.kommune.no

Trafikksikring ved Solvang Ungdomshus

I samband med skriv frå kommunen angåande rullering av handlingsdel i trafikksikringsplanen, ynskjer me å komma med innspel angåande trafikk forbi Solvang Ungdomshus.

Solvang Ungdomshus ligg langs vegen ned mot Manger kai.

(FV 410 – Manger – Toska og Manger – Mangersnes)

Utkøyrsla er svært uoversiktleg og kjem ut midt i ein sving.

Det er tidvis mykje trafikk og det manglar fortau. Me meiner det vil vera hensiktsmessig å utføra tiltak for trafikksikring langs denne vegen.

Solvang Ungdomshus er for mange eit viktig samlingspunkt.

Ungdomshuset vert brukt av alle generasjonar og er eit hus me er stolte av.

Me opplever at huset er samlande for bygda vår, og me meiner trafikksikring langs denne vegen er nødvendig for at huset kan nyttast på ein trygg måte av innbygarane på Manger.

Mvh

Eva Karin Klausen

Leiar Manger Ungdomslag